

Til
Det kongelige Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep.
0030 OSLO
Mail: postmottak@fin.dep.no

Særutskrift frå rådsmøte 22.6.2011 i Kinsarvik, Ullensvang herad.

HR-sak 34 /11 **Høyringsuttale Minimums- og maksimumsverdi for Eigedomskatt på kraftanlegg.**

Vedtak:

Hardangerrådet iks er regionråd for dei 7 Hardangerkommunane/-herada Eidfjord, Granvin, Jondal, Odda, Kvam, Ullensvang og Ulvik. Hardangerrådet iks har drøfta saka om minimums- og maksimumsverdi på kraftanlegg og gjev med dette slik uttale:

1.

Hardangerrådet iks meiner at ordninga med minimums- og maksimumstak på kraftanlegg har utspelt sin rolle og må fjernast. Dagens regjeringsparti gjekk i 2003 imot forslaget om innføring av maksimumsverdien og bør stå ved det. Ei kvar vidareføring av ordninga med minimums- og maksimumsverdi - uansett nivå og indeksjustering - vil føra til at dei mest lønnsame kraftføretaka får den største skatterabatten. Det åleine viser at ordninga må opphevast.

2.

Vertskommunane sin andel av verdiskapinga frå vasskrafta må vera reell og ikkje blandast saman med statlege overføringar til kommunane. Eigedomsskatt på kraftanlegg for Hardangerdistriktet, som skal avstå sine naturressursar til gjennomføring av fornybarpolitikken, er den einaste inntektsordninga som speglar den reelle verdiskapinga vasskrafta står for.

3.

Hardangerrådet meiner også at i denne samanhengen må beregningsgrunnlaget for kapitaliseringsrenta gjerast stabil og langsiktig. Høgare rente vil gje lågare takstverdiar, slik at dersom renta aukar utan at maksimumsgrensa vert fjerna eller monaleg auka, vil eigedomsskattetakstane kunna bli redusert.

Kinsarvik 24.6.2011

Med fruktbar helsing Hardangerrådet

Anved Johan Tveit/s
Rådsordførar


Leiv Vambheim
Dagleg leiar

Hardangerrådet – Pb 78, 5782 Kinsarvik – Tlf.: 53 67 14 50 – Fax: 53 67 14 51
FNR: NO 980 045 412 – Bankgiro: 3450.35.55168
www.hardangerraadet.no – E-post: post@hardangerraadet.no

